



Uskedelingen Oscar Langballe syng både i Røyserrett for alle og Rosendal songlag og i morgon kveld er tenoren på plass i koret som skal feira sitt 130-årsjubileum med ein stor konsert i Kvinnheradskyrkja. Sjur Magnus og kammerskoret er gjestar. Det vert 2 urframføringar

Fleire vil at vi skal nytta høvet til å rosa Oscar Langballe for innsatsen i begge kor. Det vert slege fast at han er ein utruleg flink tenor og ein svært god korist.

Dei siste 24 dagane har han sunge i 17 dagar og hatt 17 øvingar, noko som korleiinga karakteriserar som heilt utruleg. Han var og med på baronikonserten og han redda songlaget då det var på tur til Riga sist vår.

Mannen er eit unikum og alltid like blid, vert det understreka.

På biletet er Oscar på plass i Rosendalkoret og står bak til venstre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen